

HAREID KOMMUNE

VEDLEGG I:

Kommentar til innkomne innspel


Kommuneplanens arealdel 2020-2032

PlanID: 20160004

Samandrag

Kommuneplanens arealdel fastsetter framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyrets vedtak bindende for nye tiltak eller utvidelse av eksisterende tiltak som nevnt i plan- og bygningslova 2008 § 1-6, jf. lovens §11-6. I denne rulleringa er sjoområda teke ut. For desse områda vil den interkommunal kystsoneplan (kommunedelplan) gjelde.

Godkjent av Hareid
kommunestyre xx.xx.20xx,
sak





Vurdering av innkomne innspel

Det har vore opent for innspel knytt til oppstartsvarsling og offentleg ettersyn av planprogrammet, i tillegg har det kome inn innspel knytt til medverknad. Desse innspela er vurdert under og gjort greie for. Når det gjeld innspel knytt til planprogrammet er det berre moment som er relevante for planforslaget som er vurdert. Moment knytt til planprogrammet er allereie gjort greie for ved godkjenning av planprogrammet.

Det vart varsle om oppstart av planarbeidet, samstundes med at planprogrammet til ny arealdel vart sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn, 25/05/2016. Innspela som vart sendt inn under høyringa vert kommentert i dette dokumentet.

Innspel frå høyring og offentleg ettersyn av planprogrammet og kunngjering av oppstart av planarbeid.

NAMN/ AVSENDAR	SAMANDRAG AV INNSPEL	KOMMENTAR/ TILRÅDING
INNSPEL FRÅ OFFENTLEG ETTERSYN AV PLANPROGRAM		
<u>NÆRING OG MILJØUTVALET/</u> <u>LEVEKÅRS-UTVALET</u>	Utan merknadar	
<u>TRIMGRUPPA I HAREID IL</u>	Oppmodar Hareid kommune å legge betre til rette for parkering på 3 plassar: 1. Kvitneset 2. Ytredalen ved Vassverket 3. Vassverkvegen i Morka Trimgruppa kan tenkje seg å vere med ved å setje opp skilt om plassane vert laga til.	På kommuneplannivå er det ikkje egnå å leggje mindre parkeringsplassar inn i plankartet. Det vert utarbeida eit eige vedlegg (Vedlegg B), som saman med føresegna §15 opnar for grusparkering ved utvalde friluftsområder.
<u>SSR</u>	1. Innbyggjarar og næringsliv kan bli pålagt å knytte seg til nedgravne/ felles avfallsløysingar der dette er hensiktsmessig.	1. Det er teke inn i føresegnene at « <i>ved nye reguleringssplanar for bustadområder vert det krav om nedgravne avfallsløysingar</i> ». Vidare er det gjeve følgande retningslinje: « <i>Der</i>



det er formålstenleg rår ein til å etablere nedgravne avfallsløysingar også i ferdig regulerte områder».

2. Det er ikkje teke med krav til utbyggingsavtale, men det er teke med som eit sjølvstendig krav om nedgravne/felles avfallsløysingar, sjå kommentaren over.

NORGES VASS- DRAGS- OG ENERGI- DIREKTORAT

1. Utgreiing av naturfare og innarbeidning av fareomsyn. Marker fareutsatte områder i LNF-områda som omsynssoner med tilhøyrande føresegner.
2. Oppskyllingsone frå eit eventuelt skred frå Åknes må innarbeidast i planen og synast som omsynssone og ha tilhøyrande føresegner.
3. Areal langs elvar og bekkar som kan vere utsatt for flaum eller erosjon må merkast i plankartet som omsynssoner med krav om nærmare vurdering i alle plan- og byggesaker.
4. Kommunen må vurdere faren for kvikkleire eller ustabile massar under marin grense.
5. Alle vassdrag med årsikker vassføring bør merkast tydeleg i plankartet.
6. Eksisterande og vedtekne større høgspenanlegg og transformatorstasjonar skal avsettast som omsynssoner i plankartet. Mindre kraftleidning-
1. Innspelet er teke til følgje. Alle kjende farer er merka med omsynssoner med tilhøyrande føresegner.
2. Innspelet er teke til følgje. Oppskyllingssone vises i plankartet som H320 langs store deler av Hareid kommunes kystlinje. Det er utarbeida tilhøyrande føresegner.
3. Innspelet er teke til følgje. Omsynssone langs elvar og bekkar som kan vere utsatt for flaum er lagt inn i plankartet.
4. Innspelet er ikkje teke til følgje. Dette gjerast i reguleringsplanarbeidet.
5. Innspelet er ikkje teke til følgje. Manglar kartlegging over dei vassføringane det eventuell gjelder.
6. Det er ikkje teke med omsynssone for høgspent i plankartet. Det vert omtald i konsekvensutgreiinga og vert teke med vidare i reguleringsarbeidet. I





	<p>sanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til PBL og kan settast av i plankartet som teknisk infrastruktur etter PBL §11-7 nr. 2.</p>	<p>reguleringsplan vert omsynssone for høgspent teke med. Det vil ikkje vere hensiktsmessig med ei slik omsynssone i arealplankartet.</p>
FISKERI- DIREKTORATET	<ol style="list-style-type: none"> Innspel knytt til sjøområda i kommunen. To områder som har kjent forekomster av ålegress: Leirvågen og Raffeneset. Disse treng ofte spesiell oppmerksamhet og beskyttelse. 	<ol style="list-style-type: none"> Ikkje teke til følge. Sjøområda inngår ikkje i kommuneplanens arealdel. Ikkje teke til følge, dette vil verte avklara i framtidig kystsoneplan.
DIREKTORATET FOR MINERAL- FORVALTNING	<p>Oppmodar til at det gjerest ei kartlegging av ressurstilgang og behov for mineralressursar ved revidering av kommuneplanen.</p>	<p>Ein har ikkje gjennomført ei komplett kartlegging, innspel frå relevante private aktørar har blitt lagt til grunn, dette har ført til at areal på Eidet har vorte utvida til bruk som massedeponi.</p>
HARALD HERTZBERG HOLSTAD HELLE	<p>G/bnr. 45/3. Forslag om at nederste parsellen blir endra frå LNF-område til bustad-område.</p>	<p>Innspelet er ikkje teke til følge. Grunngjevinga er at det ikkje er opparbeidd infrastruktur i området og at utbygging av dette føltet, utan utbygging av Holstad-feltet, ikkje stettar strategien om utbygging nær andre bustadområder. Det kan vere aktuelt å utvide dette i framtida heller når ein har fått etablert bustadområde Holstad.</p>
SØRE SUNNMØRE LANDBRUKS- KONTOR	<p>Deltek i administrativ prosjektgruppe, og har kome med innspel kontinuerleg i planprosessen administrativt.</p> <p>Samordna bustad,- areal- og transportplanlegging</p>	
STATENS VEGVESEN	<ol style="list-style-type: none"> Nye utbyggingsområde til mellom anna bustad, næring og forretning må lokalisera i tråd med prinsippa om samordna bustad,- areal- og transportplanlegging. Dette gjeld både enkeltområde og planen sin samla verknad 	<ol style="list-style-type: none"> Forsøkt teke i vare.



2. Ny utbyggingsstruktur må vere knytt til eksisterande infrastruktur der det leggjast til rette for miljøvennlege transportformer slik det kjem fram av planprogrammet.
3. Nye bustadområder må etablerast slik at det er kort avstand til skule, daglegvare og andre daglege gjeremål, slik at fleire kan gå eller sykle. Det må vere god tilgang til offentleg kommunikasjon og samanhengande gang- og sykkelvegar, og trygg tilkomst til alle kollektivhalddeplassar.
2. Forsøkt teke i vare.
3. Forsøkt teken i vare.
Eige punkt om dette i KU.

Trafikktryggleik

4. Trafikktryggleik må vere styrande i all planlegging. Den kommunale trafikktryggingsplanen må leggas til grunn.
5. Trafikkfarlege bustadmiljø må unngåast. Det må ikkje etablerast tosidig aktivitet langs trafikkert veg, då dette medfører unødvendig kryssing og farlege trafikksituasjonar for både køyrande og gåande. Der tosidig aktivitet av ulike grunnar må etablerast må det leggjast til rette for planskilt kryssing eller anna tilrettelagt kryssing. Eventuelt må rekkefølgjekrav om dette inn i planføreseggnene.
4. Innspelet er teke til følgje.
5. Innspelet er teke til følgje.

Tilknyting til riks- og fylkesvegnettet

6. Tilkomst frå fylkesveg må i størst mulig grad skje via eksisterande avkjørsler.
7. Det kan ikkje pårekna at det vil bli gjeve løyve til nye avkjørsler eller kryss for vegar med
6. Innspelet er vurdert og vert teke med vidare.
7. Innspelet er vurdert og vert teke med vidare.





- holdningsklasse svært
strengh.
8. For nye utbyggingsområder må det vurderast om det aktuelle transportsystemet vil tåle ei trafikkauke. Om naudsynt må det utarbeidast trafikkanalyse.
9. «Rammeplan for avkjørsler på riks- og fylkesvegar i Møre og Romsdal» er under revisjon. For å gje rammeplanen juridisk verknad må den takast inn som ei føresegns i kommuneplanen. Føresegna til avkjørselfbehandling kan formulerast på følgande måte:
«Avkjørsler fra offentleg veg, der det ikkje er krav til reguleringsplan, skal plasserast, utformast og brukast i samsvar med gjeldande vegnormalar og vurderast etter den til ei kvar tid gjeldande rammeplan for haldningar til avkjørsler, jf. Veglova §§ 40-43.»
8. Innspelet er vurdert.
9. Innspelet er lagt til i føresegna, §22.1.2.

Byggegrense langs veg

10. Ein bør unngå randbebyggelse langs viktige transportårer då dette på sikt aukar trafikkfaren, redusera vegens transportfunksjon og kan gje utfordringar for effektiv drift og vedlikehald. Det kan også gjere framtidig utviding eller andre tiltak langs fylkesvegen vanskeleg.
11. Vi tilrår at det ikkje vert gjeve eigne føresegner om byggegrense i arealplanen, og at handsaming av byggegrenser vert gjort etter Veglova. Ny
10. Innspelet er teke til følge.
11. Innspelet er teke til følge.
Byggjegrenser er ikkje kartfesta i arealdelen.



rammeplan for avkjørsler som er under utarbeiding vil også gje retningslinjer for differensierte byggegrenser langs fylkesveg.

Framtidige riks- og fylkesvegar

12. Regjeringa har bestemt at E39 i framtida skal gå over Hareidlandet (Hafast). Vi syner til NTP 2018-2019- «utviklingsstrategi for ferjfri og utbetra E39».
13. Det er fleire aktuelle løysingar for E39 over Hareidlandet. Vegvesenet er i gang med utgreiing av aktuelle koplingar på strekninga. Vi imøtekjem dialog i den vidare prosessen.
12. Fv.61 er teke ut at det juridisk bindande plankartet. Framtidig vegrasè er retningsgivande, og ligg ved som eige vedlegg til kommuneplanen.
13. Fv.61 er teke ut at det juridisk bindande plankartet. Framtidig vegrasè er retningsgivande.

Støy

14. Støysoner må ivaretakast gjennom planarbeidet. SVV har utarbeidd støysonekart langs riks- og fylkesvegnettet som ein finn på nettsidene våre. I tillegg gjev T-1442 retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging. For at støyforholda langs vegen i Hareid kommune skal takast omsyn til, vil vi foreså at følgjande takast inn som ei foresegn i kommuneplanen:
«Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T1442 skal ligge til grunn ved planlegging og handsaming av byggeskaer innanfor raud og gul støysone, jf. PBL. §11-8 tredje ledd bokstav a.»
14. Innspelet er teke med i føresegna §26.1.2.

**KYSTVERKET,
MIDT NORGE**

Innspel knytt til sjøområda i kommunen

Alle innspel som omhandlar sjøareal og bruk av sjø er ikkje vurdert. Kommuneplanens





		arealdel er avgrensa mot å ikkje omfatte kommunens sjøareal.
MARGRETE OG ØYSTEIN ALME	Handsaming av klage frå Øystein og Margrete Alme på avslag på dispensasjon frå kommuneplanen- Melding om vedtak skal inn som ein del av den oppdaterte planen.	Innspelet er teke med i ny arealdel. Arealet på Alme/Kåvika er lagt inn i kommuneplanen i tråd med detaljregulering for Kåvika.
HAREID NÆRINGSFORUM	<ol style="list-style-type: none"> Meina dei fire NFFFA områda bør utvidast areal messig. Avsett områder må vere så store at moderne anlegg kan etablere seg her. HNF er opne for at enkeltvis NFFFA områder kan flyttast, men ikkje takast bort. Still spørsmål ved om definisjonen NFFFA dekker framtidige behov godt nok. 	Alle innspele som omhandlar sjøareal og bruk av sjø vert ikkje vurdert i denne planprosessen. Kommuneplanens arealdel er avgrensa mot å ikkje omfatte kommunens sjøareal. Sjøarealet i Hareid kommune inngår i interkommunal kystsoneplan for søre Sunnmøre.
ROAR HOLSTAD	<ol style="list-style-type: none"> Testlokalitetar for driftsformer og utstyr tiltenkt offshore oppdrett utanfor Buhamaren Havbrukslokalitet i Brandalstranda Utviding av havbrukslokalitet i Teineberget. 	Alle innspele som omhandlar sjøareal og bruk av sjø vert ikkje vurdert i denne planprosessen. Kommuneplanens arealdel er avgrensa mot å ikkje omfatte kommunens sjøareal. Sjøarealet i Hareid kommune inngår i interkommunal kystsoneplan for søre Sunnmøre.
ANDRÉ GJERDE OG KIRSTI NØDLAND MØRE & ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	<p>G/Bnr. 45/1: ønskes vidareført arealformål ved rullering.</p> <ol style="list-style-type: none"> alle kjende automatisk freda kulturminner skal merkast i kommuneplankartet med omsynssone D (H730) og tilhøyrande føresegnere. Vi ber også om at forminna vert markert med rune-R i grunnkartet. Område utvalt som særsiktig kulturminner må også ha omsynssone C (H570). Omsynssona bør også nyttast i områder med særsiktig potensiale for 	<p>Arealformålet vert vidareført i tråd med innspelet.</p> <ol style="list-style-type: none"> Innspelet er teke til følgje. Innspelet er teke til følgje.



- funn av automatisk freda kulturminne. Kan knytast retningslinjer til omsynssone C, jf. PBL. §11-8 c og d.
3. Den mellomalderske kyrkjestaden er eit kulturminne av nasjonal verdi. For å synliggjere at kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne, skal det merkes som omsynssone d) bandlagt etter kulturminnelova i kommuneplanens arealdel. Geometri for kulturminnet kan hentas fra Askeladden, id. 84483-4. Følgande føresegns skal følge omsynssona:
- «Mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerlig bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikke brukast til gravlegging eller andre inngrep»*
- «alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rett kulturminne styresmakt, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagd sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar».*
4. Hareid kyrkje er listeført, og vi oppmodar om at sjølve kyrkja får omsynssone c) i
3. Kyrkjestaden er merka med omsynssone H730 i plankartet. Forslag til føresegns er teke til følgje.
4. Teke til følgje, sjå føresegna §26.2.4.





kommuneplanens arealdel,
og virar til at det følger
med ei retningslinje om at
alle tiltak skal føreleggas
rett myndigkeit.

5. Innspel om akvaktultur
6. Kommunen bør gjennom planarbeidet avgrense sentrum på plankartet og gjennom arbeidet med ein overordna arealstretegi, fastsette ein strategi for sentrumsutviklinga.
7. Kommunen må innarbeide konkrete krav til utomhus oppholds- og leikeareal i føresegna.
5. Sjøområda inngår ikkje i planavgrensinga.
6. Det er utarbeidd ei eiga sentrumssone, sjå vedlegg C.
7. Innspelet er teke til følgje, sjå føresegna.

**FYLKESMANNEN I
MØRE OG
ROMSDAL**

1. Det må gå fram av planomtale og saksutgreiinga korleis prinsippa i §§8-12 i NML er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka.
2. Rår kommunen til at ein i størst mogleg grad samordnar båt anlegg i felles småbåthamner, der nausttrekkjer/lagringshallar blir etablert inne på land og med felles båtopptrekk.
3. Forventar at kommunen gjer følgjande grunnarbeid:
 - a. Estimerar behovet for ulike typar bustadtilbod og andre byggeområder i planperioden.
 - b. Kartlegge tomtereservar i gjeldande arealplanar
 - c. Vurdere å ta ut byggjeområder som ikkje har blitt realiserte, og som ikkje er i tråd med SBATP.
 - d. Arbeider strategisk med fortetting og knutepunktutvikling, t.d. Ved å definere område som:
1. Innspelet er teke omsyn til, sjå s. 15 i planomtalen.
2. Sjøareala i kommunen inngår ikkje i kommuneplanens arealdel.
3. Det er gjennomført ei vurdering av alle momenta som er lista opp.



	<ul style="list-style-type: none"> • Sentrumsområde/ kommunesenter • Lokalsenter – høg grad av fortetting, samt enkelte sentrumsfunksjonar • Rurale område – prioritert til småhus/villautbygging • Verdifulle områder som ikkje skal byggast ut. <p>e. Utarbeidar arealrekneskap for forslag til ny arealdel.</p> <p>4. Vidareføre omsynssone landbruk med kläre føresegner for å sikre dei gode landbruksområda og gi næringa kjende framtidige rammer for arealgrunnlaget.</p> <p>5. Ber om at barnetråkk-registrering gjennomførast.</p>	<p>4. Omsynssonene er vidareførd.</p> <p>5. Det er gjennomført medverknad for born i barneskulealder.</p>
<p>DIREKTORATET FOR MINERAL- FORVALTNING</p>	<p>1. Påpeikar at kommunen, så langt som mogleg, bør unngå å bandlegge registrerte mineralressursar gjennom arealbruk som kan føre til at forekomstar vert bygd ned, eller legg andre avgrensingar for framtidig utnytting av ressursane.</p> <p>2. Forventar at regjeringas forventningar knytt til mineralreservar vert teke omsyn til når planforslaget vert sendt på høyring.</p>	<p>1. Dette er forsøkt teken i vare gjennom konsekvensutgreiing for alle nye arealføremål.</p> <p>2. Forsøkt teken i vare.</p>
<p>ULRIK THORHEIM RØYSET</p>	<p>Innspel om etablering av Tufteparks i sentrumsparken.</p>	<p>Innspelet vert ikkje teke til følge. Kommuneplanens arealdel er ein grovmaska plan, der areal til ulike formål, t.d. park, er vist i plankartet. Detaljar om innhald i parkar o.l. vert avklart i reguleringsarbeid.</p>





<u>TERJE Ø. HATLEN</u>	Opplag av riggar, både kaier og ankringsområder.	Sjøareala i Hareid inngår ikkje i kommuneplanens arealdel. Innspelet vert ikkje teke til følgje.
<u>RAGNHILD OG JOAR TEIGENE</u>	g/bnr. 44/1: Ønsker å opne for småhusbebyggelse, gjerne kun 4 tomter. Ønsker ikkje full utbygginge av «Teigebakkane/Akebakken».	Innspelet er vurdert og konsekvensutgreiinga. Konklusjon er at innspelet ikkje vert lagt til i arealdelen.
<u>MORTEN OG LINDA STRIDH</u>	G/bnr. 53/2, Nedre Rise: Ønske om å utvikle eit byggefelt på eigedommen vår.	Innspelet vert ikkje teke til følgje. Det er ikkje ønskeleg med utbygging av eit enkelt fristilt byggjefelt. Dette bidreg til spreidd busetting, noko ein ønskjer å unngå.
<u>PER DIMMEN</u>	G/bnr. 41/2 Tiltakshaver ønskjer å få endra ein mindre del av friområde i kommuneplan til ein to-mannsbustad. Arealet til dette om lag 1 dekar. Vidare vart det drøfta å få inn ein mindre offentlig parkeringsplass (om lag 6 plassar på om lag 0,3 dekar) og område for leik/friluft off. eller felles (om lag 0,6 dekar) samla omlag 0,9 dekar. Samla gir dette ei endring på om lag 1,9 dekar.	Innspelet ang. to-mannsbustad er ikkje teke til følgje. Når det gjeld parkering knytt til friluft så vert det vist til vedlegg B til kommuneplanens arealdel.



Innspel frå sosiale medier

INNSPEL	GJELDANDE SITUASJON	KOMMENTAR
FACEBOOK-KAMPANJE - SNAPCHAT		
 Rorbuer på moloen i hareid sentrum.	Ingen fritidsbustadar på moloen i Hareid sentrum.	Det vert opna for etablering av rorbuer fleire stadar i kommunen, sjå planomtalen s. 43. Det vert ikkje sett på som formålstenleg å opne for rorbuer på moloen i Hareid sentrum.
 Ønskje om konsertscene med overbygd tak og små «boder»/overbygde bord og benkar rundt om. dette ønskjer eg meg anten på overasanden eller på leira i hjørungavåg.	På Leira i Hjørungavåg er det satt i gang arbeid med å etablere ein spellass. På overåsanden er ein reguleringsplan under utarbeiding.	Det vert utarbeidd ein spellass/ scene ved Leira i Hjørungavåg. Rullering av kommuneplanen er ikkje riktig plannivå for å vedta etablering av bord og benkar. Kommuneplanen er meint som ein grovmaska plan over som viser arealdisponeringa i kommunen, ikkje detaljar som benkar.
 Ønskje om nye reier ved rådhuset.		Rullering av kommuneplanen er ikkje riktig plannivå for å vedta etablering av bord og benkar. Kommuneplanen er meint som ein grovmaska plan over som viser arealdisponeringa i kommunen, ikkje detaljar som reier.
 «wil ha betre tilrettelagt for fotgjengarar og syklande her. Småfarlig knutepunkt.» Krysset ved eurospar hareid.		Blitt utbedra i arbeidet med bygginga av Helsehuset, ein har difor ikkje teke stilling til dette i forbindelse med kommuneplanarbeidet, då dette er teke i vare på reguleringsplannivå.



**«tennisbana med ekornes,
ikkje vedlikeholdt på 20 år.
Har hørt den skal rivast å
leiligheter kjem. Ønsker ny
tennisbane eller aller helst
tennishall på hareid.
Mange interessert!
Mvh roger angelsen.**

Rullering av kommuneplanen
er ikkje riktig plannivå for å
vedta etablering av bord og
benkar. Kommuneplanen er
meint som ein grovmaska plan
over som viser
arealdisponeringa i
kommunen, ikkje vedlikehald
av tennisbaner.

FACEBOOK-KAMPANJE: SPØRJEUNDERSØKING

Konklusjon frå svara:

Rotarystien: stort behov
for parkeringstilbod.
Utfordrande når stien har
tre startspunkt.
Vadbakkbrua blir mest
nytta.
Melshornet frå ulset:

Rotarystien v/Vadbakkbrua:

Parkeringsplass langs vegen.

Melshornet frå Ulset:

Liten parkeringsplass i dag, 3-4 bilar.

Gamleåsen frå Korshamna:


Ikkje parkeringstilbod.

På kommuneplannivå er det
ikkje egna å legge mindre
parkeringsplassar inn i
plankartet. Det vert utarbeida
eit eige vedlegg (Vedlegg B),
som saman med føresegna §15
opnar for grusparkering ved
utvalde friluftsområder.



INNSPEL FRÅ IDEVERKSTAD (NUMMERERT, SJÅ KART)

FRITIDSBUSTADER



1011: rorbu

Skarbakken I og II, Brandal.
Område satt av til
fritidsbustadar.

Det vil i dette området verte
opna for etablering av rorbuer.
Sjå føresegna for krav knytt til
utbygging.

1012: bustadføremål

Brandal sentrum:
Vanskeleg å tolke kva for
område som er meint. Ser ut
til at det som er ynskje går ut
på å endre eit område for

Dersom dette er riktig tolking
av innspelet er det ikkje
onskeleg å gjennomføre
endringa.



	fritidsbusetting (g/bnr. 40/22) til bustadføremål.	
1010: rorbu	Område for fritidsbusetting ved Brandal hamn.	Det er ikkje formålsteneleg å opna for etablering av rorbu i dette området.
200: frå havbruk til fritid/bustadbygg	Korshamna, Hjørungavåg	Innspelet vert teke til følgje. Arealet vert endre frå akvakultur til fritidsbustad. Slik at det blir eit større samanhengande felt for fritidsbustadar i Korshamna. Her vert det også opna for rorbu, sjå føresegnd. Det vert og stilt krav om reguleringsplan.
155: endre frå naust til rorbuformål	Sør for Raffelneset, vest for Overåsaden.	Det er ikkje formålsteneleg å opna for etablering av rorbu i dette området.
70: hjørungneset, rorbu	Hjørungneset	Det er ikkje formålsteneleg å opna for etablering av rorbu i dette området.
1015: naust med moglegheit for overnatting. Rorbu til privat bruk. Gråtane naustlag ønskjer å få til eit attraktivt fint område sentrumsnært. For fiske og rekreasjon.	Gråtane naustlag, Ytre Hareid.	Innspelet er teke til følgje. Det vil i dette området bli opna for etablering av rorbuer. Sjå føresegna for krav knytt til utbygging.
0603: viktig å ta vare på miljøet ved snipsøyrvatnet. Dagens reglar for hyttebygging er bra. Det er ingen grunn til å liberalisere dei.	Snipsøyrvatnet	Hyttereglane vert ikkje endra.
4: område i gammåsen mellom innmarka i gammåsen og kommunen sitt område mot engeskardet, ynskjer eg vert regulert til hytteområde, same utnytting som kommunen sitt areal.	Åsen, Hjørungavåg	Innspelet vert ikkje teke til følgje. Med utbygginga av engeskardet-hyttefelt, vert det nok fritidsbustadar i dette området. Slik situasjonen er i dag, er det satt av nok områder til fritidsbusetnad.




4: vil også ha fjerna område i åsen fra oppdrett	Åsen, Hjørungavåg	Er ikkje teke stilling til då dette vert vurdert i forbindelse med utarbeidning av kystsoneplan.
3: opne for rorbuer	Leira, Hjørungavåg	Det er ikkje formålsteneleg å opna for etablering av rorbu i dette området.
1014: vil kommunepalanen også omfatte ynskje frå private grunneigarar, regulere det inn, for eksempel rorbu. I dette tilfelle har vatn/kloakk utkanten av hareid sentrum. Gjeld område 41/263.	Del av felt F7, Ytre Hareid. Del av Gråtane naustlag.	Det vil i dette området bli opna for etablering av rorbuer. Sjå føresegna for krav knytt til utbygging.





MASSEDEPONI



888: flytte massedeponi
vekk frå raffelneset
sør/nord og lage
til/regulere til friområde.
Fordi det er sentrumsnært
og nærområde til
innbyggjarar og det er eit
naturleg vakkert og
brukarvenleg område.

Raffelneset, Indre Hareid.

Det er ikkje per no etablert eit
regulert massedeponi på
Raffelneset, utfylling av masser
som skjer her er vedtatt på
reguleringsplannivå. Arealet er
avsett til næring, dette vert
vidareført i dette planforslaget
også.



1976: tilrettelegge for deponi av jord og reine masser. Viktig med tanke på utbygging av myrane og byggffelt holstad og melshornlia.	Melshornlia/Hareidsmyrane, Hareid	Innspelet vert ikkje teke til følgje. Det er sluttå å utvide eksisterande massedeponi på Hareidseidet, der det også er eit nedgravd deponi i nærleiken.
952: ikkje deponi her	Røyset	Innspelet vert teke omsyn til.
1050: massedeponi. Det er allereie fylt mykje og det er svært viktig at det blir laga ein plan for vidare fylling.	Ensomheten, Brandal	Innspelet vert ikkje teke til følgje. Det er sluttå å utvide eksisterande avfallsdeponi på Hareidseidet, kor det også er eit nedgravd deponi i nærleiken.
1975: regulere ut linja for sjøfront å bruk til deponi. Reine masser i sjø.	Raffelneset, Indre Hareid	Sjøarealet vert ikkje behandla i denne planprosessen. Innspelet vert ikkje teke omsyn til.
1977: promenade frå overåsanden til sveneset m/div «kafear» opplyste benkar, forbi raffelneset, kaia, småbåthavna, rorbuer etc.	Overåsanden, Hjørungavåg til Sveneset, Brandal.	Det er lagt inn i plankartet ein framtidig trasé for gang- og sykkel frå Overåsanden til Hareid sentrum, eksisterande gang- og sykkelveg i Hareid sentrum. Vidare er det lagt inn framtidig gang- og sykkelveg som supplera eksisterande trasé frå Hareid sentrum til Brandal. Det er dermed planlagt framtidig ved til Sveneset, Brandal.
Nils Petter Nedrelid: omrgulert heile g/bnr. 76/2 til bustadområde.		Innspelet vert teke til følgje. Deler av området, det som ikkje inngår i omsynssona, vert endra til bustadformål.
Tove Margrete Grønnevæt: Ber om at grensa til offentleg formål på vestsida av pålhaugtunet blir flytta vestover slik at heile pålhaugtunet blir merka gult.		Dette er retta opp.



A. Hareide og R. Wagland
Ber om at grensa til offentleg formål på vestsida av pålhaugtunet blir flytta nokre meter vestover til rett vest for den gamle granhekken som er grensa til det verneverdige pålhaugtunet + ber om at 41/1306 blir merka gul. Denne tomta er regulert til bustadformål.



Dette er retta opp.

A. Hareide:
41/1306 – regulert til bustadføremål i samband med reguleringa av pålhaugen 2 id 2004001.
Kommuneplan: rosa.

Kommentar:
«truleg blitt teikna feil i kommuneplanen, og dette vil eg ordne opp i ved hjelp av rulleringa som no går føre seg». Vil ikkje påverke frådeling av 41/1306 – og d

Daniel slettebakk:
Utvida parkeringsplass holesanden.

Vert ikkje teke med i plankartet, men føresegna opnar for at det er mulig å etablere mindre parkeringsplassar.



<p>Trimgruppa hareid il Parkeringsplassar ved dei mest nytta utfartsstadane til råser og friluftsområder</p>	<p>Kvitneset 40/19 (friluftsområdet og Buhammaren) Ytredalen 40/4 kommunal grunn Indredalen 40/251 kom. veg tl demning. Overå 78/108 og 110. Kom fylling på eigen grunn Korshamna 68/2 Ulset 72/40. Hjørungneset 69 Engeskardet 66 Nedre Rise 53/2 Ytre Mork 58 Hammarstøylen 56/1 Melshornfeltet 41/890 kom. Grunn.</p>	<p>Vert ikkje teke med i plankartet, men føresegna opnar for at det er mulig å etablere mindre parkeringsplassar.</p>
<p>Bed om at 40/361 vert omregulert til kulturformål og overført til ishavsmuseet med bakgrunn i at ishavsmuseet i dag nyttar og vedlikehald arealet.</p>	<p>Ikkje lengre behov for arealet til tidlegare tenkt renseanlegg. Regulering (ID: 19790003) tekniske planar og park/turveg/leik. Kommuneplan: fritidsbustad og andre typar bygning</p>	<p>Per dags dato har kommunen ikkje intensjon om å endre dagens reguleringsføremål verken i kommuneplan eller reguleringsplan, dette med bakgrunn i at det fortsatt er behov for areal avsett til reinseanlegg.</p>
<p>K. Wolsdal og i. Eskeland Ønskjer at hareid kommune skal tenkje inn ein promenadeveg frå nasjonalmonumentet til hareid, som eit miljøprosjekt, trivselprosjekt, folkehelseprosjekt.</p>	<p>Ingen promenadeveg i dag.</p>	<p>Er allereie teikna inn i plankartet, som framtidig gang- og sykkelveg.</p>



E. Berge (aurvoll og furesund as)
Forslag om å utvide allereie godkjent massedeponi på hareidseidet.
Behovet for å auke massedeponiet er stort i framtida.



Innspelet vert teke med i planen. Krav om reguleringsplan.

K.g. wolsdal eskeland
Frå naustbebyggelse til mulighet for rorbu:

- 41/869
- 41/174
- 41/262
- 41/263

I dag naust
Strandlinja er gjengrodd,
utilgjengeleg og
uframkomeleg.

Innspelet vert teke med i planen. Det opnas for etablering av rorbu i dette området. Sjå føresagn for meir detaljer.

P. Dimmen brekkane 32.
Del av område i og ved t1 til bustad, ny tilkomstveg, leik mm. 41/2 m.fl.
22 daa.



Dette er teken i vare. T1 er ute av plankartet, og arealet er endra til bustadføremål.

Morten stridh
Nytt byggefelt
Nedre rise 53/2



Forslaget er ikkje i tråd med kommunens målsetting om at nye bustadfelt skal etablerast i direkte nærleik, som ein utviding, av eksisterande bustadfelt. Tiltaket kan dermed ikkje takast med i arealdelen.



Leikeplassteikning

Innleiing:


Eit noko lunde representativt utval av elevar hjå alle barneskulane i kommunen fekk i anledning rulleringa av kommuneplanen sin arealdel moglegheita til å teikne sin ideelle leikeplass. Planavdelinga v/ Silja Øvrelid og Camilla Tangen Nanseth besøkte alle skulane og ga elevane ei rask innføring og var til stades for spørsmål den skuletimen dei gjennomførte oppgåva. Hareid kommune har 3 kommunale barneskular og ein privat barneskule, alle skulane var med i medverknadstiltaket. Hjå Hareid skule var det 3. klasse og 6. klasse som deltok. Hjå Bigset skule var det 4. klasse og 5. klasse som deltok. Hjå Hjørungavåg skule var det 4. og 5. klasse som deltok, medan hjå Brandal skule var alle elevane med. Alle elevane fekk eit A4-ark kvar som dei kunne teikne på. Der var ingen avgrensingar, dei kunne teikne den leikeplassen dei aller helst ynskja å ha i kommunen, så lenge dei berre brukte det arket dei fekk utdelt.

Oppsummering:

Kven	Elevtal
3. klasse frå Hareid skule	15
6. klasse frå Hareid skule	31
Brandal skule	18
4. og 5. klasse frå Bigset skule	22
4. og 5. klasse frå Hjørungavåg skule	22

Elevane teikna i noko grad varierte leikeplassar der storleikomfanget hadde eit spenn frå «berre» eit fotballmål til dømes til fleire ulike apparat og areal for ulik leik. Gjengangaren blant det borna teikna var fotballbane og fotballmål, sklier, ulike typar klatreapparat, trampoline, karusellar, reiestativ, smashball-stativ, benkar, bord og basseng. Men det vart også teikna litt meir utradisjonelle ting som butikk, datamaskiner, musikkområde, hengekøye, boblebad, pariserhjul, statuer, gapahuk og hundar til sal for ei krone.


Gjeldande kommuneplan stiller krav til uteareal i føresegnene. Det skal ved ny planlegging av bustadfelt setjast av minimum 50 m² per bueining til leikeplass og andre friområde. Leikeplassar skal gi eit allsidig leiketilbod og har følgjande oppdeling:





Nærleikeplass; Alle bueiningar skal innan gangavstand på 50 meter ha ein nærleikeplass med storleik på minst 200 m². Maks 20 bueiningar kan vere felles om leikeplassen som minimum skal ha sandkasse, benk og noko fast dekke.

Kvartalsleikeplass; Alle bueiningar skal innan gangavstand på 250 meter ha ein kvartalsleikeplass med storleik på minst 1500 m². Maks 50 bueiningar kan vere felles om leikeplassen som skal leggast til rette for varierete aktivitetar som til dømes balleik, aking, sykling og liknande.



Det kjem ganske klart og tydeleg fram at ein på ingen måte kan innskrenke føresegrne på noko måte utan å kome i strid med det born og unge sjølv ynskjer. Heller tvert i mot. Dei fleste av borna hadde ynskje om ulike typar klatreinnretningar og andre apparat, ein burde vurdere i utarbeidingsa av følgje for 3 klasse i Hordaland at ein som eit minimum skal stille krav til noko av dette i alle fall på kvartalsleikeplassane også. Ein må då ha i bakhovudet at slike krav fører til eit større behov for vedlikehald, og ein burde kanskje difor også klargjere eigarforhold og ansvar for vedlikehald til leikeplassar via kommuneplanen.



Teikna av elev frå Hjørungavåg skule.

Det kom også fram gjennom medverknadsaktiviteten at fleire av borna ynskja ulike typar skog og tre, og at naturleg vegetasjon vart betre teken i vare og nytta til leik på avsett areal. Dette er noko som burde vurderast om det skal takast betre i vare gjennom kommuneplanens føresegner.